



Etne kommune

Etne Kommune

Utkast planprogram for plan
**IDRETT, FRILUFTSLIV
OG FYSISK AKTIVITET**

**Forslag vedtatt i komité Drift
sak 17/10445.
Høringsfrist 4. januar 2018.**

Innhald

1. Bakgrunn og formål.....	3
2. Kva er eit planprogram?.....	4
3. Innhald	4
4. Status og resultatvurdering frå førre plan	5
5. Omfang og avgrensingar i ny plan.....	5
6. Aktuelle utgreiingar	7
7. Planprosess og medverknad.....	8
8. Føringar for planarbeidet.....	10
9. Vedlegg.....	11
Vedlegg 9.1: Klargjering av omgrep	11
Vedlegg 9.2 Førebels oversikt over anlegg som har fått spelemidlar 1996-2016	13
Vedlegg 9.3 Førebels oversikt over anlegg og område.....	14
Vedlegg 9.4 Førebels kart over anlegg og område.....	16

1. Bakgrunn og formål

Planarbeidet er ei oppfølging av vedtatt kommunal planstrategi, der kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er prioritert i inneverande styringsperiode, som er ein delplan av kulturplanen.

Etne kommune sin plan for idrett og friluftsliv 1996-1999 er forelda. Det blei gjort forarbeid til ein ny plan i 2004/2005. Planen blei ikkje ferdigstilt og behandla, men det blei samla viktige innspel og historikk som blir tatt med i arbeidet nå.

Det er viktig at kommunen får eit oppdatert planverktøy som speglar dagens situasjon og ønskje for framtida, i høve føringane frå staten, fylket og kommunen. Folkehelsa blir ein viktig del av kommunedelplanen.

Lovgrunnlag

Planarbeidet er nedfelt i Plan- og bygningslova §11 og §4.

Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er tematisk og har status som kommunedelplan, for formelt å knyta planen mot kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdel og handlingsdel med økonomiplan og mot andre kommunedelplanar. Planen gir ikkje heimel for arealdisponeringar, men vil kunna gje tilrådingar til kommuneplanen sin arealdel.

Staten krev at kommunane har utarbeidd ein eigen plan for å få rett til statlege spelemidlar.

Føremål

Planen skal vere eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov vert avdekka, og der ein set mål og vedtek løysingar for området på kort og lang sikt.

Kommunedelplanen er eit utgangspunkt for det administrative arbeidet og forvaltinga av oppgåver innan områda idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Planen skal gi grunnlag for å søkja om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg til friluftsmål.

Eitt av måla med planen er å få ein politisk vedtatt og oppdatert langsiktig plan for utvikling av anlegg og område i kommunen. Planen vil vera styrande i høve samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane.

Planen skal i følgje fylkeskommunale føringar sjåast i samanheng med utviklinga av det førebyggjande folkehelsearbeidet i kommunen, og skal altså ikkje har einsidig fokus på anlegg.

Planen skal utgreia og sikra:

- Klare målsetjingar og prioriteringar for kommunen si satsing på idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse
- Plan- og målstyrt anleggsutbygging og sikring av areal til idrett og friluftsliv
- Rette mål og vegval, og gode strategiar for å nå måla
- Grunnlag for finansiering av utbyggingskostnader
- Tydelege rolle- og ansvarslinjer i forhold til organisasjonar og lokallag.

2. Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er eit verktøy for tidleg medverknad. Det skal fortelja om

- Føremålet med planarbeidet
- Avklara viktige problemstillingar og utgreiingsbehov
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad

Planprogrammet vil gje alle interesserte høve til å komma med innspel og synspunkt tidleg i prosessen, før det er trekt nokon konklusjonar.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker på same tid som planoppstart blir varsla. Dette er heimla i Plan- og bygningslova §4-1.

3. Innhald

Kulturdepartementet har følgjande minstekrav til innhaldet i planen (V-0798B):

- Målsetjing for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet, medrekna friluftsliv
- Målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planer i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Oversikt over venta kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg
- Lokaliseringa av eksisterande og planlagde anlegg og område for friluftsliv, og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområde bør gå fram av relevante kart

Klargjering av omgrep

I planarbeidet vil ein nytta dei same omgrepa som sentrale styresmakter brukar i sine stortingsmeldingar. Desse stortingsmeldingane er også dei overordna føringane for planprogrammet og det endelege plandokumentet.

For definisjon av omgrepa

- *idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, nasjonale anlegg,*
- *friluftsområde, friområde, sikra friluftsområde, utmark,*
- *universell utforming, folkehelse og folkehelsearbeid,*

sjå vedlegg 1


4. Status og resultatvurdering frå førre plan

Førre plan gjeld for perioden 1996-1999 og omhandlar berre anlegg og område for idrett og friluftsliv.

I arbeidet med ny plan skal ein kort gjera greie for kva som er gjennomført av tiltaka frå den gamle planen, og leggja fram ei opplisting over gjennomførte utbyggingar og tiltak dei siste 20 åra.

Ikkje-gjennomførte tiltak i den gamle planen og innspel frå planoppstarten i 2005 blir tatt med i vurderingane i ny plan.

Førebels opplisting over gjennomførte tiltak og tildelte spelemidlar frå 1996 til i dag, sjå vedlegg 2.



5. Omfang og avgrensingar i ny plan

Det er formålstenleg og nødvendig å ha eit perspektiv fram i tid i arbeidet med idrett og fysisk aktivitet. Planen skal gjelda for 10 år (2018-2027) med ein konkret og prioritert tiltaks- og økonomiplan for dei 5 første åra, og ein uprioritert langtidsplan for dei 5 neste åra. Planen skal nå også omfatta folkehelsearbeidet, og gi eit utvida innhald til omgrepet «tilrettelegging for fysisk aktivitet». Pågåande Tursti-prosjekt og prosjekt med kartlegging av attraktive område for friluftsliv skal arbeidast inn i planen. Innhaldet i planen er vidare gitt av krava frå Kulturdepartementet i punkt 1.3.

Framlegg til disponeringar av areal som blir gjort i planen er ikkje juridisk bindande, men vil kunna gje tilrådingar til kommuneplanen sin arealdel.

For å strukturera arbeidet ser ein for seg å dela planen i tre temadelar:

<p>Anlegg og område for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet</p> <p>Gode anlegg for organisert idrett, og tilgjengelege og tilrettelagde område for fysisk aktivitet og friluftsliv er avgjerande for aktivitets-nivået til innbyggjarane våre. Framtidsretta målsetjingar og rette prioriteringar skal gi oss den ønska utviklinga innafor tilgjengelege økonomiske rammer.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oversikt over eksisterande anlegg med tilstandsrapport, behov for vedlikehald/opprusting og eigarforhold • Behov for nye anlegg/bygg • Målsetjing og prioriteringsplan for vedlikehald /opprusting og eventuelt bygging av nye anlegg, og venta kostnader til drift og vedlikehald av evt nyanlegg • Oversikt over område for fysisk aktivitet og friluftsliv med tilstandsrapport, behov for vedlikehald/tilrettelegging og eigarforhold • Målsetjing og prioriteringsplan for vedlikehald og tilrettelegging av område for friluftsliv • Forslag til areal som bør sikrast for framtidige anlegg og friluftsområde
<p><i>Kommunen treng di meining om for eksempel:</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Skal me prioritera vedlikehald av eksisterande anlegg framfor bygging av nye dei neste 5 åra?</i> • <i>Skal alle idrettsgreiner vera sikra anlegg til sin idrett i kommunen?</i> • <i>Veit du om friluftsområde som bør sikrast for folk flest?</i>
<p>Fysisk aktivitet for alle</p> <p>Manglande fysisk aktivitet blir peika på som ein av dei største truslane mot folkehelsa. Me vil arbeida for at innbyggjarane i alle alders-grupper og funksjonsnivå skal vera fysisk aktive.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oversikt over folkehelsa og aktivitetsnivået for ulike grupper innbyggjarar • Påpeika område/grupper der det er trong for auka aktivitet, og foreslå tiltak for å oppnå dette
<p><i>Kommunen treng di meining om for eksempel:</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Har alle innbyggjarane våre økonomi til å delta aktivt i organisert idrett?</i> • <i>Korleis får me sofaslitarane meir fysisk aktive?</i> • <i>Har me gode nok tilbod til funksjonshemma?</i> • <i>Er tilboda våre tilgjengelege for alle med tanke på geografisk plassering, språk, økonomi?</i>
<p>Kommunen og det frivillige arbeidet</p> <p>Det frivillige arbeidet er heilt avgjerande for å kunna tilby positive aktivitetar og gode anlegg og område i kommunen. Motiverande verkemiddel og eit ryddig samarbeid er viktige faktorar for å oppretthalda og auka tilboda.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av tilskotsordningar og kartlegging av andre motivasjonsfaktorar for auka aktivitet • Gjennomgang av avtalane mellom kommunen og dei frivillige om drift og vedlikehald av anlegg og område • Vurdering av samarbeidsforma mellom kommunen og Idrettsrådet, og aktørar innan friluftsliv og fysisk aktivitet
<p><i>Kommunen treng di meining om for eksempel:</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Utanom pengar, kva kan kommunen bidra med for å motivera til auka aktivitet?</i> • <i>Me har Idrettsråd i kommunen. Korleis sikrar me like tett dialog med aktørane innan friluftsliv og fysisk aktivitet?</i>

6. Aktuelle utgreiingar

For å vita kor me skal, må me vita kor me er. Det er difor behov for å gjera ein del utgreiingar for å få det grunnlaget som trengst for å gjera eit godt arbeid med planen:

Oversikt, status og behov for anlegg og område

Det må utarbeidast ein statusoversikt over anlegg og område for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i kommunen, eigartilhøve, tilstand, oversyn over drifts- og vedlikehaldskostnader, og behov for opprusting og eventuelle nye bygg eller anlegg må kartleggast.

Dette må gjerast ved synfaring, dialog med idrettslaga, Idrettsrådet, Frilurftsrådet og andre involverte aktørar.

Nyttige nettstader i kartleggingsarbeidet er

- naturbase.no
- barnetrakk.no
- tilgjengelighet.no.

Kartlegging av frivillig arbeid

Det skal gjerast ei kartlegging av det frivillige arbeidet i kommunen. Kartlegginga skal gi svar på

- Typar frivillige lag og organisasjonar i kommunen
- Deira aktivitetar, aldersfordeling, trendar/utvikling
- Deira mål og utfordringar
- Deira vurdering av egne ressursar
- Eksisterande samarbeid og samarbeidspotensiale mellom organisasjonane, kommunen og næringslivet

Kartlegginga skal gjerast av Frivillig Norge, og Etne kommune har mottatt kr 40.000 for frå Fylkeskommunen for å dekke kostnadane.

Folkehelsa i kommunen

Folkehelsestilstanden i kommunen kan gi nytting informasjon om tilstanden generelt, og eventuelle utsette grupper det må rettast tiltak mot for å prøva betra helsetilstanden.

Etne publiserte i 2016 eit oversyn over folkehelsa i kommunen, og informasjon frå denne undersøkinga skal brukast i det vidare arbeidet med planen.

Aktivitetstilbod, aktivitetsnivå og trendar

Ei fullstendig kartlegging over aktivitetar og aktivitetsnivå vil vera svært krevjande å få til. Men data frå kartlegginga av det frivillige arbeidet, frå skulane, frå Barnetrakk, frå Ungdata undersøkinga, frå dialogen med idrettslaga og andre (både frivillige og kommersielle)aktørar på feltet vil gi eit rimeleg godt bilde på situasjonen for fysisk aktivitet i kommunen, og kor tilbodet sviktar..

7. Planprosess og medverknad

Planarbeidet følger krava i Plan- og bygningslova med omsyn til politiske behandlingar, offentlege ettersyn, høyringsfristar, kunngjering og liknande.

Godkjenning av utkast til planprogram	Komité Drift
Endeleg godkjenning av planprogram	Komité Drift -> Kommunestyre
Godkjenning av utkast til plan	Komité Drift
Endeleg godkjenning av plan	Komité Drift -> Formannskap -> Kommunestyre

Styringsgruppe:	Komité drift
Prosjektansvarleg:	Rådmannen
Prosjektleiar:	Leiar kultur
Arbeidsgruppe:	Administrativt samansett av ein representant frå kvar av einingane Kultur, Drift- og vedlikehald og Helse (ivaretaking av folkehelseperspektivet)
Referansegruppe:	Idrettsrådet og friluftsiinteressar

Fagkompetanse vert henta inn etter behov ved utgreiing av ulike tema og problemstillingar i planarbeidet.

Medverknad

Gjennom arbeidsprosessen med ny kommunedelplan er medverknad frå idrettslag, interessegrupper, næringsliv, frivillig sektor, nabokommunar, regionale og statlege styresmakter viktig.

Det blir kalla inn til folkemøte, og planprogram og planutkastet vert sendt på høyring for å sikra at den endeleg eplanen er godt forankra både hos innbyggjarane og dei som skal bruka planen i arbeidet for tilrettelegging av idrett og fysisk aktivitet i Etne kommune.

Høyringar

Det skal gjennomførast to høyringar.

Forslag til planprogram blir sendt på høyring samstundes med varsling av planoppstart. Plan- og bygningslova set krav om minimum seks vekers høyringsperiode.

Når endeleg utkast til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med mål, strategiar og tiltak ligg føre, skal den sendast på høyring med 6 vekers høyringsperiode.

Begge høyringane vil bli kunngjorde i Grannar og på kommunen sine nettsider, i tillegg til at høyringsinstansane vil få eigne høyringsbrev.

Høyringsfrist 4. januar 2018. Innspel kan sendst til Etne kommune, Kultur, Sjoarvegen 2, 5590 Etne eller post@etne.kommune.no.

Framdriftsplan

Arbeidet fram mot den ferdige planen blir delt opp i tre fasar. I alle fasar vil det vera høyringar og/eller folkemøte for å sikra brei medverknad.

Den administrative arbeidsgruppa vil ha fleire møte undervegs. Elles er framdriftsplanen som følger:

Oppstartfase		
26. sept 2017	Presentasjon av planarbeidet for Idrettsrådet Kick-off med foredrag, mat m.m.	Prosjektleder Idrettsrådet
16. november	Godkjenning av utkast til planprogram. Kunngjøring av oppstart, 6 veters høringsfrist	Komite Drift Prosjektleder
Tidleg januar 2018	Innarbeiding av innspel i planprogram	Prosjektleder/- ansvarleg
Januar/febr. 2018	Endeleg godkjenning av planprogram	Komite Drift- >Formannskap-> Kommunestyre
Utarbeidingsfase		
Januar/febr. 2018	Konstituering av arbeidsgruppa	Prosjektleder/- ansvarleg
Februar 2018	Stand med innspel til plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet under Kulturatt	Prosjektleder
Mars-april 2018	Folkemøte i Skånevik for innspel (ønske om samarbeid med lokal arrangør)	Prosjektleder / Arbeidsgruppa?
Febr. – apr. 2018	Kartlegging av frivillig arbeid og aktivitet	Frivillig Norge/ frivillige lag/org Prosjektleder
Febr.-juni 2018	Gjennomgang av eksisterande anlegg, kartlegging av behov for vedlikehald og rehabilitering, (verdivurdering??) Gjennomgang av avtalar for bruk, drift og vedlikehald	Medl. i arbeidsgruppa, Idrettsrådet
Febr.-juni 2018	Kartlegging av eksisterande område for fysisk aktivitet og friluftsliv. Kartlegging av behov for vedlikehald og rehabilitering. Gjennomgang av avtalar for bruk/tilgang, drift og vedlikehald	Medl. i arbeidsgruppa, grunneigarar og friluftorganisasjonar
Februar-juni 2018	Fleire møter i arbeidsgruppa og med referansegruppene. Kartleggingar, skriving av utkast til plan.	Arbeidsgruppa/ Prosjektleder
Juni 2018	Statusmøte og drøfting i styringsgruppa	Komite Drift/ Prosjektleder
Aug./sept..2018	Presentasjon av utkast til plan på «folkemøte» (samarbeidsarr. Etnemarknad e.l) Etne og Skv.	Prosjektleder/- ansvarleg, arbeidsgruppa
Sept./okt. 2018	Innarbeiding av innspel, skriving av utkast	Arbeidsgruppa/ Prosjektleder
Vedtaksfase		
Okt./nov. 2018	Godkjenning av utkast plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivite Kunngjøring av oppstart, 6 veters høringsfrist	Komite Drift Prosjektleder
Nov./des. 2018	Innarbeiding av innspel i plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivite	Prosjektleder/- ansvarleg
Januar 2019	Endeleg godkjenning av plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivite	Komite Drift- >Formannskap-> Kommunestyre

Høyringsinnstansar:

Fylkesmannen i Hordaland	Sauda kommune Friluftsrådet Vest	Båtforeningane, Etne og Skånevik
Hordaland Fylkeskommune	Etne Idrettsråd	Barnas kommunestyre Frivilligsentralen
Hordaland Idrettskrets	Etne Turlag	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Haugesund Turistforening	Etne Jeger- og Fiskerforening	Eldrerådet
Vindafjord kommune	Speidarane i Etne og Skånevik	Grunneigarlag
Kvinnherad kommune		
Odda kommune		

8. Føringer for planarbeidet

Bakgrunnen for ein statleg medverknad og støtteordningar til idrettsformål er knytt til eigen- og nytteverdien av fysisk aktivitet, der nytteverdien spesielt er knytt til førebyggjande helsearbeid.

Dei viktigaste dokumenta det vil bli tatt omsyn til i planprosessen er følgjande:

Nasjonale føringar

- St.meld. 26 (2011-2012) Idrettsmeldinga - *Den norske idrettsmodellen*
- St.meld. 18 (2015-2016) Friluftsmeldinga - *Natur som kilde til helse og livskvalitet*
- St.meld. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldinga – *Mestring og muligheter*
- St.meld. 39 (2006-2007) Frivillighetsmeldinga – *Frivillighet for alle*
- Diskriminerings- og tilgangsløva (2013)
- Plan- og bygningsløva (2010)
- Komm.dept. sin rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet

Regionale føringar

- Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) *Premiss*
- Regional plan for folkehelse (2014-2025) *Fleire gode leveår for alle*
- Fylkesdelplan (2006-2009) *Deltaking for alle – universell utforming*

Lokale føringar

- Kommuneplan, samfunnsdelen (2016-2026)
- Kommunal planstrategi (2016-2020)
- Kommuneplan, arealdelen (under arbeid?)
- Økonomiplan ?

9. Vedlegg

Vedlegg 9.1: Klargjering av omgrep

Idrett: Aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet: Eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, medrekna friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

Friluftsliv: Opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Kan også gå innunder omgrepet fysisk aktivitet.

Idrettsanlegg: I spelemiddelfordelinga blir følgjande klassifisering av idrettsanlegg brukt:

- **Nærmiljøanlegg:** Anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, i hovudsak plassert i tilknytning til bustad- og/eller andre opphaldsrområde. Omgrepet nærmiljøanlegg gjeld berre for uteanlegg. Anlegga/områda skal vere fritt tilgjengelege for alle for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for barn og ungdom, men også for andre som bur i området. Nærmiljøanlegg kan lokaliserast i tilknytning til skuleanlegg og/eller idrettsanlegg. Ved samlokalisering med idrettsanlegg skal anlegget vera for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg skal ikkje utformast for å dekkja behovet for anlegg til organisert idrettsaktivitet eller ordinær konkurranseidrett.

- **Ordinære anlegg:** Anlegg som i hovudsak er nært knytte til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten. Anlegga har rett til tilskot etter forskrift om spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv (V-0732). Tekniske krav til mål og utforming av anlegga tar utgangspunkt i konkurransereglane til dei enkelte særforbunda.

- **Nasjonalanlegg:** Idrettsanlegg som tilfredsstillar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av internasjonale meisterskap og konkurransar. Ordninga er svært avgrensa, og det er Kulturdepartementet som etter uttale frå Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) gir eit anlegg denne statusen.

Friluftsområde og friområde: Fellesnemnar for grønne område som er tilgjengelege for fri ferdsle for alle.

- **Friluftsområde:** Store, oftast uregulerte, område som er omfatta av "Allemannsretten". Det er ikkje krav og parkliknande opparbeiding, berre tilrettelegging for bruk. Vanlege aktivitetar i områda er turliv, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening. I arealdelen av kommuneplanen er friluftsområda som oftast vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF-område). I reguleringsplanar kan friluftsområde setjast av til spesialområde for friluftsliv.

- **Friområde:** Avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for uhindra rekreasjon og opphald for alle. Områda er vanlegvis eigna til seg, opparbeidde og vedlikehaldne av kommunen, og kan vera parkanlegg, turveg, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg og badeplassar. Inngrepsfrie naturområde i nærmiljøet som kollar, sletter og bakkar kan også definerast som friområde. I arealdelen av kommuneplanen er friområde oftast viste som byggeområde på kartet, då dei er å sjå på som ein del av dette føremålet. I reguleringsplan-samanheng er friområde ein eigen kategori.

- **Sikra friluftsområde:** Område som er sikra for allemann sitt friluftsliv gjennom kjøp av grunn eller avtalar om bruk og tilrettelegging, oftast med statleg tilskot.

Utmark: Udyrka mark og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka, mindre areal i dyrka mark blir ikkje rekna som utmark.

Universell utforming: Utforming av produkt, byggverk og uteområde på ein slik måte at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte, så langt som råd er, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Folkehelse: Folkehelsa blir skildra gjennom å studera helsetilstanden til innbyggjarane eller innbyggjargrupper. I folkehelsestudium interesserar ein seg altså først og fremst for helsa til alle innbyggjarane eller spesifikke grupper.

Folkehelsearbeid: Samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja folkehelsa. Viktige faktorar knytt til denne definisjonen er omgrep som ansvar, medverknad, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og eigen situasjon.

UTKAST

Vedlegg 9.2 Førebels oversikt over anlegg som har fått spelemidler 1996-2016

Navn	Byggeår	Type
Etne BMX og Skatepark	2016	Skatepark
Skånevik BMX og skatebane	2016	Skatepark
Skårselva Bru	2015	Tursti
Skakkesenteret fleirbrukshall	2012	Fleridrettshall
Skakkesenteret fleirbrukshall - klatrevegg	2012	Klatre/buldreveg (inne)
Skakkesenteret fleirbrukshall - løpebane friidrett	2012	Friidrett treningsanlegg (ute)
Enge kunstgrasbane	2011	Fotballbane kunstgress
Rygg skule Sport Court	2011	Liten balløkke/-bane
Sævareid skule ballbinge	2011	Liten balløkke/-bane
Sørstranda skule ballbinge	2011	Ballbinge
Halvfjordingen på Rullestad fiskepir for funksjonshemma	2010	Friluftsområde
Halvfjordingen på Rullestad kai for funksjonshemma	2010	Friluftsområde
Skånevik sandvolleyballbane	2010	Sandvolleyballbane
DNT løype mellom Simlebu og Vaula	2006	Tursti
Eikanes ballbane	2003	Liten balløkke/-bane
Enge skule ballbinge nr 1	2003	Ballbinge
Fjæra skule ballbinge	2003	Ballbinge
Skånevik skule ballbinge	2003	Ballbinge
Skånevik skule tilleggsutstyr ballbinge	2003	Klatre/buldreveg (ute)
turisthytte Sauabreen	2000	Overnattingshytte
Fikse skyteanlegg skytterhus	1996	Klubbhus

NB: Tabellen er henta ut av anleggsregisteret.no og kan innehalda feil og manglar.


Vedlegg 9.3 Førebels oversikt over anlegg og område

Namn	Byggeår	Type
DNT løype mellom Simlebu og Vaula	2006	Tursti
Eikanes ballbane	2003	Liten balløkke/-bane
Enge kunstgrasbane	2011	Fotballbane kunstgress
Enge skule ballbinge nr 1	2003	Ballbinge
Enge skule balløkke	1969	Liten balløkke/-bane
Enge skule gymsal	1969	Fleraktivitetssal
Enge skule svømmebasseng	1969	Opplæringsbasseng (inne)
Etne BMX og Skatepark	2016	Skatepark
Etne idrettsanlegg fotball grusbane	1978	Fotballbane grus
Etne idrettsanlegg grasbane fotball	1978	Fotballbane gress
Etne pistolbane skytterhus	1992	Klubbhus
Etne pistolbane utendørs	1982	Pistolbane (ute)
Etne samfunnshus idrettshus	1980	Klubbhus
Etne samfunnshus miniatriskytebane	1982	Skytebane (inne)
Etne samfunnshus storsal	1980	Fleraktivitetssal
Etne sentralidrettsanlegg friidrettsanlegg	1978	Friidrettsstadion grus
Etne tennisbane	1993	Tennisbane (ute)
Fikse skyteanlegg skytebane 100m	1978	Riflebane (ute)
Fikse skyteanlegg skytebane 300m	1978	Riflebane (ute)
Fikse skyteanlegg skytterhus	1996	Klubbhus
Fjæra idrettshus aktivitetssal	1953	Fleraktivitetssal
Fjæra skule ballbinge	2003	Ballbinge
Fjæra skule gymsal	1984	Fleraktivitetssal
Gjerdslie orienteringskart	1981	Orienteringskart
Grohall aktivitetssal	1970	Fleraktivitetssal
Grønstad skule gymsal	1919	Fleraktivitetssal
Halvfjordingen på Rullestad fiskepir for funksjonshemma	2010	Friluftsområde
Halvfjordingen på Rullestad kai for funksjonshemma	2010	Friluftsområde
Rygg skule gymsal	1927	Fleraktivitetssal
Rygg skule Sport Court	2011	Liten balløkke/-bane
Skakkesenteret fleirbrukshall	2012	Fleridrettshall
Skakkesenteret fleirbrukshall - klatrevegg	2012	Klatre/buldrevegg (inne)
Skakkesenteret fleirbrukshall - løpebane friidrett	2012	Friidrett treningsanlegg (ute)
Skånevik BMX og skatebane	2016	Skatepark
Skånevik idrettsanlegg grusbane fotball	1983	Fotballbane gress
Skånevik idrettsanlegg grusbane fotball	1983	Fotballbane grus
Skånevik idrettsanlegg grusbane friidrett	1983	Friidrettsstadion grus
Skånevik idrettsanlegg idrettshus	1976	Klubbhus
Skånevik kultur og idrettshall fleirbrukshallen	1994	Fleridrettshall
Skånevik sandvolleyballbane	2010	Sandvolleyballbane
Skånevik skule ballbinge	2003	Ballbinge

Skånevik skule gymsal	1964	Fleraktivitetssal
Skånevik skule tilleggsutstyr ballbinge	2003	Klatre/buldreveg (ute)
Skånevik skytebane skytebane 100m	1968	Riflebane (ute)
Skånevik skytebane skytebane 300m	1968	Riflebane (ute)
Skånevik skytebane skytterhus	1991	Klubbhus
Skårselva Bru	2015	Tursti
Steinsvollen grasbane fotball	1947	Fotballbane gress
Sævareid skule ballbinge	2011	Liten balløkke/-bane
Sævareid skule gymsal	1958	Fleraktivitetssal
Sørstranda skule ballbinge	2011	Ballbinge
Sørstranda skule gymsal	1932	Fleraktivitetssal
turisthytte Løkjelsvatn		Overnattingshytte
turisthytte på Blomstølen	1991	Overnattingshytte
turisthytte Sandvass	1993	Overnattingshytte
turisthytte Sauabreen	2000	Overnattingshytte
turisthytte Simlebu	1994	Overnattingshytte

NB: Tabellen er henta ut av anleggsregisteret.no og viser anlegg som har fått spelemidler. Lista kan innehalda feil/manglar, og viser ikkje fullstendig oversikt over m.a.friluftsområde.

Vedlegg 9.4 Førebels kart over anlegg og område



NB: Tabellen er henta ut av anleggsregisteret.no og viser anlegg som har fått spelemidler. Lista kan innehalda feil/manglar, og viser ikkje fullstendig oversikt over m.a.friluftsområde.